



Jon Sigvald og Knut Erling har gjort ein god jobb på Sandakaaien. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I starten av neste veke vil snikkar Knut Erling Bakka og medhjelpar Jon Sigvald Tjelmeland (16) frå Åkra ha fullført jobben med opprusting av Sandakaaien. Den vil då vera langt meir brukarvennleg framfor ein ny sesong og det vil vera satsa rundt rekna 200.000 kroner frå Nilsen Eigedom si side på opprustinga.

- Det har vore gode arbeidstilhøve og jobben har gått raskt unna, seier Knut Erling, som saman med sin unge medhjelpar har stått på i opptil 10 timar om dagen.

Første fase i opprustinga var at Haugland Maskin slog ned pålar langs kaien og så kom turen til snikkararbeidet, det vil seia leggjinga av dekke.

No blir det ein meir innbydande og einheitleg kai, med same høgdenivå heilt rundt. Første byggjesteg vart gjort i området utanfor gullregnen for få år sidan - no er resten snart gjort. Det blir lettare og trivelegare å leggja til ved Sandakaaien heretter, anten det er for fylling av drivstoff eller for meir permanent 'parkering'.

No skal Knut Erling til med betongarbeid att. Firmaet hans heiter Åkra Forskaling og det fortel kva han driv mest med og satsar på. Og han har fleire oppdrag i Uskedalen framover, som naustjobb på Korsnes.

Av Ola Matti Mathisen